

Fra: aud@djupdal.org
Sendt: 18. juni 2015 18:26
Til: Postmottak KUD
Emne: Høringsuttalelse (Ref 15/1432) – forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker

Aud Støylen Djupdal

aud@djupdal.org

Grønngjelet 50 4640 Søgne

Eg vil ikkje ha søndagsopne butikkar. Søndag er ein dag for familien. Det er dagen for friluftsturar saman, det er dagen til å vitje resten av storfamilien, det er dagen ein kan ta imot middagsbesøk .

Skal fleire i familien arbeide i butikkane, fell alt dette bort. Den einslege forelderen som arbeider i butikk,kvar skal borna vere? Barnehagane er ikkje opne. Besteforeldra bur langt borte og kan ikkje kome kvar søndag.

Søndagen er dagen då borna kan leike saman heile dagen. Foreldra er heime og passar på. Religiøse går til kyrkje og bedehus. Dette vert dei som arbeider i butikk utestengde frå.

Det er ingen vanske med å få tak i mat på søndager no.Brustadbuer, bensinstasjonar og storkioskar fins overalt. Alt for mange er opne no.

NEI TIL SØNDAGSOPNE BUTIKKAR